

RAPPORT - FESTSPELA I GEIRANGER 2025



Innleiing

Årets festspel fann stad i perioden 25.–28. september, og samla artistar, fagfolk, publikum og frivillige til eit rikt og mangfaldig program – i spenningsfeltet mellom kunst, natur og samfunn.

Festspela i Geiranger vart første gong arrangert i 2021, og har sidan etablert seg som ein heilårsarena for kunstnariske opplevingar i eit av landets mest ikoniske kulturlandskap. Festivalen koplar høg kunstnarisk kvalitet med lokale ressursar og berekraftige ambisjonar, og bidreg til å utvikle Geiranger som eit kulturelt og kreativt knutepunkt i verdsarvområdet.

I 2025 baud vi på eit omfattande program over fire dagar, med konsertar, parade, barnearrangement, institusjonskonsertar og møteplassar for inspirasjon og samarbeid. Mellom høgdepunkta var opningskonserten med Moddi og strykarar frå Operaen i Kristiansund, festspelpub med Tricia Boutté og Gumbo, storslått laurdagskonsert med Sigrid Moldestad og band, og eit rikt program for born og familiar i sentrum av Geiranger.

Årets fagseminar vart arrangert i samarbeid mellom Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv og Festspela i Geiranger, og tok form som eit kurs i bruk av kunstig intelligens (KI) for kultur- og opplevingsnæringa. Kursleiar var Ole Jørn Myklebust, og deltakarane kom frå lokalt nærings- og kulturliv.

Festivalen vart realisert med hjelp frå 57 frivillige, solid lokal forankring og breitt samarbeid mellom kulturaktørar, næringsliv og offentleg sektor.

Berekraft og verdiskaping

Festspela i Geiranger byggjer heile verksemda si på prinsippa i FNs berekraftsmål, med særleg vekt på sosial og kulturell berekraft. I 2025 vart det gjennomført ei rekkje tiltak for å redusere miljøavtrykk, styrke lokalsamfunnet og sikre kunstnarleg kvalitet i alle ledd.

Festivalen prioriterte kortreiste tenester, lokale leverandørar og gjenbruk av materiell, og oppmoda både artistar og publikum til klimavenlege transportløyser. Slik bidreg arrangementet til å utvikle Geiranger som ein grøn kulturdestinasjon.



Regional forankring og samarbeid

Festspela har i 2025 hatt aktivitet i både Stranda og Fjord kommunar. Samarbeidet med Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv har vore sentralt både for fagleg utvikling og gjennomføring av arrangement.

Festivalen samarbeidde òg med lokale verksemder Hotel Union Geiranger, Havila Hotel Geiranger, Westerås gard, The Fjords og Norsk Fjordsenter, i tillegg til offentlege og regionale kulturaktørar som Operaen i Kristiansund, Møre og Romsdal fylkeskommune, Kulturrådet og Stranda kommune.

Slik verkar Festspela som ein møteplass som skaper kulturopplevingar, aktivitet og omsetning på tvers av sektorar.

Inkludering – barn, unge og eldre

Barn og unge fekk i 2025 eit tydeleg fokus gjennom Barnas Festspel, gehørspelseminar og meisterklasse i klaver. Desse tiltaka gir både læring, meistring og tilgang til profesjonelle miljø.

Festivalen vidareførte òg samarbeidet med frivilligsentralane i Stranda og Fjord, med institusjonskonsertar på seks ulike omsorgssenter. Desse konsertane er høgt verdsette tiltak som gir opplevingar til eldre som ikkje har høve til å delta på dei opne arrangementa.



Samarbeid med kulturaktørar

Samarbeid på tvers av kunstfelt og institusjonar er ein berebjelke i Festspela i Geiranger. I 2025 vart det vidareutvikla fleire etablerte samarbeid og inngått nye relasjonar.

- **Operaen i Kristiansund** deltok som kunstnarleg samarbeidspartnar, med strykarar som medverkande både på opningskonserten med Moddi, barneforestilling og i operapuben med Isa Katharina Gericke og Trygve Bröske.
- **Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv** var ein sentral samarbeidspartnar i fagseminaret om bruk av kunstig intelligens i opplevingsnæringa, og i konsertar og heilårsprosjekt.
- **Norges Musikkorps Forbund** bidrog til rekruttering av unge deltakarar til gehørspelseminaret.
- **Stranda Mållag** samarbeidde om markeringa *Nynorsk salmebok 100 år* i Geiranger kyrkje.
- **Frivilligsentralane i Stranda og Fjord** samarbeidde om institusjonskonsertar på seks omsorgsstader.
- I tillegg har Festspela hatt fagleg kontakt og erfaringsoverføring med andre festivalar i regionen, mellom anna **Molde-Jazz**, **Tonehimmel**, **Fjord Cadenza**, **Høstscena** og **Festspillene i Kristiansund**, og delt ressursar knytt til produksjon og programmering.


Desse samarbeida styrkjer både det kunstnarlege og det organisatoriske fundamentet for festivalen, og bidreg til kompetansedeling, felles verdiskaping og sterkare kulturell infrastruktur i Møre og Romsdal.

Festivalgjennomføringa





Festspela i Geiranger 2025 vart gjennomført 25.–28. september med eit kompakt og vellukka program som kombinerte profilerte konsertar, barne- og familieaktivitetar, institusjonskonsertar og fagleg møteplass. Totalt vart 13 opne arrangement gjennomført på 8 arenaer (Geiranger kyrkje, Havila Hotel Geiranger, Geiranger vognfabrikk, Norsk Fjordsenter, Hotel Union Foajeen, Geirangersalen, sentrum/gågata og Westerås gard), i tillegg til 6 institusjonskonsertar i samarbeid med frivilligsentralane i Stranda og Fjord.

Høgdepunkta inkluderte opningskonserten med Moddi og strykarar frå Operaen i Kristiansund, Tricia Boutté & Gumbo på festspelpub, Sigrid Moldestad i stort bandformat, markeringa Nynorsk salmebok 100 år i kyrkja, barneframsyninga Eventyret om Beethoven, Barnas Festspel og ei livleg festivalgate. Avslutningskonserten med Sigrid Moldestad på Westerås gard gav ei nær og fullsett finale.



Publikum var om lag 2400 gjennom festivalen, med fleire fullsette arrangement og stor trafikk i gratisprogram som Barnas Festspel og festivalgata. 57 frivillige løyste sentrale oppgåver innan vertskap, logistikk, rigg, transport, billett og informasjonsarbeid, og bidrog til smidig gjennomføring og god publikumsoppleving.



Det årlege fagseminaret vart gjennomført saman med Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv som eit praktisk KI-kurs leia av Ole Jørn Myklebust, med deltakarar frå lokalt kultur-, reiselivs- og næringsliv. Talentutviklinga omfatta eit gehørspelseminar med Gumbo (8 deltakarar) og meisterklasse i klaver med Trygve Bröske (1 deltakar) – breitt kunngjort i samarbeid med Norges Musikkorps Forbund og Stranda kulturskule.

Festivalen prioriterte profesjonelle vilkår og honorering etter CREO-standard. Berekraft vart ivareteken gjennom bruk av lokale leverandørar, samkøying og lengre opphald, gjenbruk av materiell og minimal eingongsbruk/avfall. Synleggjeringa var målretta og profesjonell gjennom heimeside, sosiale medium, partnarkanalar og presse, med tydeleg kreditering av støttespelarane. Samarbeida med Operaen i Kristiansund, SGV, Hotel Union, Havila Hotel, Westerås gard, Stranda Mållag, frivilligsentralane og lokale aktørar styrkte både kunstnarleg kvalitet og regional verdiskaping.

Kompetanseheving og innovasjon

Årets **fagseminar om bruk av kunstig intelligens (KI)** i opplevingsnæringa representerte eit nytt steg i festivalen si rolle som kunnskapsaktør. Seminaret knytte saman fagfolk frå kultur og reiseliv, og styrkte dialogen mellom næringar som saman formar framtidas kulturopplevingar. Festspela fungerer slik som ein **kompetansearena** der kulturaktørar, næringsliv og frivillige utviklar kunnskap i fellesskap.

Aktivitet utanom Festspel-helga

Utanom sjølve festspelperioden vart det i 2025 gjennomført fleire arrangement. Den første var Operapub på Hotel Union 15. februar, med Kristina F. Bjørdal, Hallvar Djupvik og Stephanie Lippert, som samla eit stort og engasjert publikum. Kort tid etter følgde Lysvesper i Geiranger kyrkje 23. februar, der lokale songarar deltok saman med profesjonelle musikarar. Våren baud vidare på konsert med Helene Bøksle 26. april på Hotel Union, før opning av kunstutstilling 30. mai, der dei utstilte kunstnarane var Ørnulf Opdahl og H.M. Dronning Sonja, med musikalske innslag av Celien de Pelecijn, Rune Eide, Audun Skorgen m.fl., med Festspela som musikalsk produsent. Festspela var også produsent for konsert på utescena under Eidsdalsrøre 31.mai, med same ensemble. I samarbeid med Verdsarvstiftinga vart det arrangert konsert på Hellesylt 22. juni, der Britt Pernille Frøholm spelte hardingfele for fullsett sal. Gunnar Inge Eide akkompagnerte på trøorgel, og i tillegg til at Frøholm spelte framifrå løfta ho også fram den viktige arven etter Kjellstad-karane og publikum fekk høyre slåttar som elles er svært sjeldan spelt. Vi var bidrog også med arrangørkompetanse under konsert med Maj Britt Andersen og musikarar på Severinbrauta i Eidsdal. Konsertane vart arrangerte i samarbeid med Geiranger kyrkje, Geiranger Lyskunstfestival, Hotel Union Geiranger, Verdsarvstiftinga, Stiftinga Severinbrauta og Kulturbedehuset på Hellesylt.

Desse arrangementa hadde til saman eit publikumstal på over tusen personar og bidrog til å halde oppe interessa for Festspela gjennom året, samstundes som dei styrkte samarbeidet med regionale arenaer og kulturaktørar. Det har dessutan bidrege til sysselsetting av freelancemusikarar busette i fylket.

Festspela var også rådgjevar for ei konsertrekke på Geiranger Skywalk Dalsnibba, som gjennom sju konsertar presenterte norsk musikk; folkemusikk, via Grieg og samisk musikk til nyare norsk musikk, både klassisk og populærmusikk. Det vart svært godt motteke av publikum: *"We came for the view, and did not expect to meet this. Your concert in these surroundings is the peak of our journey."*

I tillegg til å presentere norsk musikk og kultur for besøkande er desse konsertane med å å sysselsetje profesjonelle musikarar busette i fylket - i alt seks musikarar hadde oppdrag i løpet av sesongen. Det er inspirerende å sjå at bedrifter vel å satse på kulturopplevingar som ein del av produktet sitt, og samarbeidet vil halde fram også neste år.

Økonomi

Takka vere gode støttespelarar og godt samarbeid med sponsorar viser førebelse tal eit overskot. Festspela har opparbeidd ein trygg eigenkapital som gjer at vi no kan arbeide for å tilsetje ein medarbeidar i ei deltidsstilling, ca 20% for å avhjelpe styret med administrasjon og produsentoppgåver. Årsrekneskap vil verte ettersendt når det føreligg i januar.

Festivalorganisasjon

Festspela i Geiranger er organisert som forening med følgjande ledd:
Årsmøte, styre og styreoppretta utval, som festivalen sitt programråd. Styret består av seks medlemmer og to vara, og står for strategisk, økonomisk og operativ leiing av festivalen.

Styresamansetjing:

- Gunnar Inge Eide (musikar, pedagog og prosjektleiar Smart Fjord Kultur, styreleiar)
- Monja Muren Mjelva (direktør på Hotel Union Geiranger, styremedlem)
- Ole Jørn Myklebust (musikar og kulturarbeidar, styremedlem)
- Katrin Blomvik Bakken (direktør i Geirangerfjorden Verdsarv, styremedlem)
- Stephanie Roux (musikar og pedagog busett på Stranda, styremedlem)
- Synnøve Maråk (pensjonist/næringsdrivande i Geiranger, styremedlem)
- Ingvild Myklebust (seniorrådgjevar kultur i Buskerud fylkeskommune, styremedlem)
- Rune Maråk (dagleg leiar i Brødr. Maraak AS i Geiranger, vararepresentant)
- Evgenij Zhukov (musikar, dirigent og pedagog busett på Stranda, vararepresentant)

KLADD!!!

Måloppnåing

Måloppnåing

Mål 1: Gjennomføre årleg festival over fire dagar, med minst 12 opne arrangement på minst sju arenaer

Resultat 2025:

Festspela vart gjennomført 25.–28. september over fire dagar, med totalt 13 opne arrangement, inkludert konsertar, seminar, barneprogram, parade, marknad og festspelgudsteneste. Arrangementa fann stad på 8 ulike arenaer i Geiranger og omegn: Geiranger kyrkje, Havila Hotel Geiranger, Hotel Union/Geiranger vognfabrikk, Norsk Fjordsenter, Geirangersalen, sentrum/gågata og Westerås gard.

Mål 2: Gjennomføre minst tre årlege talentutviklingstiltak for minst 10 unge talent frå Møre og Romsdal

Resultat 2025:

Det vart gjennomført to tiltak for unge musikarar:

- Gehørspelseminar med New Orleans-bandet Gumbo, fredag 26. september på Geiranger skule, med åtte deltakarar frå fleire kommunar. Seminaret vart avslutta med deltaking i jazzparaden laurdag.
- Meisterklasse i klaver med Trygve Bröske som mentor. Deltakinga var låg (ein deltakar), men presentasjonen under mottakinga for støttespelarar og frivillige vart svært godt motteken.

Alle tiltaka vart breitt kunngjort, og vi samarbeidde med Norges Musikkorps Forbund og Stranda Kulturskule om utsending av informasjon. Uheldige kollisjonar med andre arrangement påverka

deltakinga. Til kommande år ønskjer vi å etablere tettare samarbeid med etablerte opplæringsarenaer, som ungdomsorkesteret Indre Strøk, for å styrke rekrutteringa.

Vurdering:

Målet er delvis oppfylt – med to gjennomførte tiltak og ni deltakarar totalt. Aktiviteten hadde god fagleg kvalitet, men noko lågare deltaking enn planlagt.

Mål 3: Gjennomføre eit årleg fagseminar med tema knytta til kulturturisme, med regionale deltakarar

Resultat 2025:

Årets fagseminar vart gjennomført torsdag 25. september i samarbeid mellom Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv og Festspela i Geiranger. Temaet var bruk av kunstig intelligens (KI) i opplevingsnæringa, og seminaret hadde form som eit praktisk kurs leia av Ole Jørn Myklebust.

Deltakarane kom frå lokalt næringsliv, reiseliv og kulturliv, og seminaret fekk gode tilbakemeldingar for relevans og praktisk tilnærming.

Vurdering:

Målet er oppfylt. Seminaret bidrog til kompetanseheving og samskaping mellom kultur- og reiselivsnæringa, i tråd med fylkeskommunen sine mål for kulturturisme og berekraft.

Mål 4: Presentere minst 20 profesjonelle kunstnarar på høgt nivå kvart år

Resultat 2025:

Festspela 2025 presenterte 24 profesjonelle utøvarar frå både Noreg og utlandet.

Ytterlegare 12 i tilknytte heilårsarrangement, $\frac{2}{3}$ av desse profesjonelle med bustad i fylket.

Vurdering:

Målet er klart oppfylt. Festivalen hadde eit breitt program med profesjonelle utøvarar frå ulike sjangrar og geografiske område, og kombinerte nasjonale profilnamn med sterke regionale aktørar.

Mål 5: Gje amatørar og unge talent minst tre arenaer for samspel med profesjonelle utøvarar kvart år

Resultat 2025:

Det vart lagt til rette for samspel mellom profesjonelle og ikkje-profesjonelle utøvarar på fleire arenaer:

- Gehørspelseminaret med Gumbo resulterte i felles deltaking i jazzparaden, der unge musikarar spelte saman med profesjonelle.
- Under markeringa av Nynorsk salmebok 100 år medverka Skodje kyrkjekor, eit amatørkor leia av profesjonell dirigent og akkompagnatør.
- I festivalgata deltok lokale amatørkorps.

Mål 6: Involvere lokale næringslivsaktører i minst fem samarbeidsbaserte formidlingstiltak kvart år

Resultat 2025:

Lokalt næringsliv var aktivt involvert i fleire delar av festivalen:

- **Hotel Union Geiranger** og **Havila Hotel Geiranger** var sentrale samarbeidspartnarar og arenaer for konsertar og pubkveldar.
- **Westerås gard** var arena for avslutningskonserten med Sigrid Moldestad.
- **Olebuda, Geiranger Sjokolade, Geiranger bryggeri** og andre lokale verksemder deltok i **festivalgata** med sal, aktivitetar og servering.
- **Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv** samarbeidde om fagseminaret og konsertar tidlegare i år.
- Lokale overnattings- og transportaktører bidrog med logistikk, mattenester og billettsal.

Vurdering:

Målet er **oppfylt**. Festspela hadde brei deltaking frå lokalt næringsliv, både som samarbeidspartnarar, leverandørar og arenaeigarar. Samhandlinga mellom kultur, reiseliv og lokalt næringsliv styrkjer festivalen si rolle som motor for berekraftig samfunnsutvikling i regionen.

Mål 7: Oppnå eit publikumstal på rundt 2200 besøkande i 2025, med ei jamn årleg auke

Resultat 2025:

Samla publikumsoppslutning under Festspela 2025 vart om lag **2400**, og med fullsett hus på eit fleirtal av arrangementa. Under festivalgate, haustmarknad og Barnas Festspel var det eit yrande folkeliv og stor trivsel.

Vurdering:

Målet er **oppfylt**. Festivalen hadde svært god oppslutning og fleire konsertar med fullsett sal enn nokon gong.

Mål 8: Honorere profesjonelle musikarar ut frå gjeldande satsar (minimum honorar etter CREO-sats)

Resultat 2025:

Alle profesjonelle utøvarar ved Festspela i Geiranger 2025 vart honorert etter gjeldande bransjestandard, med utgangspunkt i **CREO sine minstesatsar**.

Det vart nytta både faste honorar og prosjektbaserte avtalar, avhengig av ensemble og konsertformat. Ved institusjonskonsertar var honorara tilpassa kortare formidlingslengde, men framleis i samsvar med profesjonelle vilkår.

Vurdering:

Målet er **oppfylt**. Festivalen legg stor vekt på ryddige arbeidsvilkår og rettferdig honorering for profesjonelle kunstnarar, og har gjennomført alle avtalar i tråd med gjeldande standardar.

Mål 9: Ha ein ryddig og sunn økonomi, og bygge eigenkapital for å sikre økonomisk berekraft**Resultat 2025:**

Drifta i 2025 vart gjennomført med **balansert budsjett** og ryddig økonomiforvaltning. Rekneskapen viser moderat overskot, som vert sett av til eigenkapital i tråd med målsetjinga om økonomisk berekraft.

Festivalen har hatt god kontroll på kostnader og inntekter, med offentleg støtte frå Møre og Romsdal fylkeskommune, Stranda kommune og Kulturrådet, i tillegg til eigne billettinntekter, sponsorbidrag og partnerskap med lokalt næringsliv.

Vurdering:

Målet er **oppfylt**. Økonomien er stabil, og eigenkapitalen aukar gradvis. Festivalen har god budsjettkontroll og er mindre sårbar for inntektsvariasjonar enn i tidlegare år.

10) Synleggjere festivalen gjennom målretta og aktiv innsats

Synleggjeringa av Festspela har vore ein prioritet. Vi har vidareført samarbeid med kompetente lokale og regionale tenesteleverandørar innan design (Merok Design i Geiranger), foto/film (Hyke Studio i Eidsdal) og marknadsføring (Sorentio i Ålesund). Saman har vi vidareutvikla ein heilskapleg visuell profil, heimesida vår (<https://www.festspel.no/>) og nyheitsbrev, samt utvikla ein marknadsplan som omfatta ein heilskapleg kampanje for sosiale medier, og fokus på kontoane våre på Facebook og Instagram. Saman med Hyke Studio laga vi ein dokumentasjonsplan for foto/film som la til rette for operativt promoarbeid før, under og etter festival. Med basis i dei tre planane, jobba Festspela sine styremedlem og frivillige med innhaldsproduksjon i Festspela sine kanalar i samspel med dei tre partnerane. Vi etterstreba jamn aktivitet som samspelte med øvrig marknadsføring i form av plakatar, flygeblad og annonsar i ulike trykte og digitale media i månadane før festivalperioden, samt pressedekning. I tillegg har partnerar i lokalt og regionalt kultur- og næringsliv bidratt til å synleggjere oss på sine nettsider, i nyheitsbrev, kampanjar og i SoMe.

Vi har vore bevisst på å synleggjere støtta frå Møre og Romsdal fylkeskommune i all marknadsføring, og i pressemeldingar, medieintervju samt i konsertsamanheng. I tillegg har samarbeidspartnarar i lokalt og regionalt kultur- og næringsliv bidratt til å synleggjere oss på sine nettsider, i nyheitsbrev, kampanjar og i sosiale medier.

Mål 11: Samarbeide med relevante aktørar om minst fem klimatiltak for Festspela kvart år**Resultat 2025:**

Berekraft og miljø var integrert i fleire delar av festivalplanlegginga og gjennomføringa: Bruk av lokale leverandørar for mat, overnatting og transport reduserte reisebehov og utslipp. Publikum

og artistar vart oppmoda til samkøyring og lengre opphald for å redusere transportbelastning. Gjenbruk av festivalmateriell som bannarar, skilt og t-skjorter frå tidlegare år. Samarbeid med Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv om formidling av berekraft i fagseminaret. Fokus på minimalt bruk av eingongsartiklar og avfallssortering på festivalarenaene.

Vurdering: Målet er oppfylt. Festspela har vidareført arbeidet med miljø og sosial berekraft i praksis og haldning, og gjennomført fleire tiltak i tråd med FNs berekraftsmål og fylkeskommunen sine mål for grøne kulturarrangement.

Mål 12: Rekruttere minst 25 personar til frivillig dugnadsinnsats kvart år

Resultat 2025:

Totalt **57 frivillige** deltok i gjennomføringa av Festspela 2025 – ein markant auke frå tidlegare år. Dei frivillige hadde oppgåver innan vertskap, billettkontroll, logistikk, transport, servering, rigg, informasjon og gjennomføring av Barnas Festspel.

Festivalen arrangerte også ei eiga **mottaking for frivillige og støttespelarar**, som eit symbol på takk og fellesskap i forkant av første konsert.

Vurdering:

Målet er **klart oppfylt**. Frivilligheita er ein berebjelke i festivalen, og innsatsen i 2025 vitnar om sterk lokal forankring, eigarskap og entusiasme.

Mål 13: Oppnå minst 15 medieoppslag i lokal, regional og nasjonal presse kvart år

Resultat 2025:

Festspela i Geiranger fekk god synlegheit i lokale og regionale medium også i 2025. Det vart registrert **redaksjonelle omtalar** i forkant, under og etter festivalen i lokal og regional presse, inkludert NRK radio. I tillegg vart fleire av arrangementa omtalte på **sosiale medium** av samarbeidspartnarar og publikum, noko som bidrog til brei digital spreing og merksemd rundt festivalen.

Vurdering:

Målet er **oppfylt**. Den redaksjonelle dekninga var god, omlag på måltalet. Aktiv deling i digitale kanalar og samarbeid med lokale medium har likevel gitt sterk total synlegheit og positiv medieprofil.

Mål 14: Oppnå høg grad av tilfredsheit frå utøvarar og partnerar på gjennomført festival og samarbeid

Resultat 2025:

Tilbakemeldingane frå artistar, samarbeidspartnarar og frivillige var gjennomgåande svært gode.

Utøvarane framheva **profesjonell gjennomføring, gode arbeidsforhold, tett oppfølging og unike omgjevnader**. Både artistar og samarbeidspartnarar uttrykte glede over den varme mottakinga, den lokale forankringa og kombinasjonen av kunst og natur som kjenneteiknar

Festspela.

Samarbeidspartnarar som **Hotel Union**, **Havila Hotel**, **Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv** og lokale næringsaktørar melde om positiv oppleving og ønskje om vidare samarbeid.

Vurdering:

Målet er **oppfylt**. Høg grad av tilfredsheit blant deltakarar og samarbeidspartnarar vitnar om at festivalen har etablert ein solid organisasjonskultur og eit godt rykte som samarbeidspartnar og vertskap.

Mål 15: Gjennomføre 8 arrangement i året utanfor festivalperioden

Resultat 2025:

Det vart gjennomført **fem heilårsarrangement** utanom sjølve festspelperioden:

1. **Operapub på Hotel Union (15. februar)** – med Kristina F. Bjørdal, Hallvar Djupvik og Stephanie Lippert
2. **Lysvesper i Geiranger kyrkje (23. februar)** – med lokale songarar og profesjonelle musikarar
3. **Konsert med Helene Bøksle (26. april)** – Hotel Union
4. **Kunstutstillingsopning med musikk (30. mai)**
Utstillande kunstnarar: Ørnulf Opdahl og H.M. Dronning Sonja
Musikarar: Celien de Pelecijn, Rune Eide, Audun Skorgen, Gunnar I. Eide
5. **Konsert på Hellesylt (22. juni)** – med Britt Pernille Frøholm og Gunnar Inge Eide – 53 personar (fullsett).

Vurdering:

Målet er **delvis oppfylt**. Fem heilårsarrangement vart gjennomført med god publikumstilslutnad og breitt geografisk nedslagsfelt. Aktiviteten bidrog til å halde oppe interessa for Festspela gjennom året og styrkte samarbeidet med regionale arenaer.

3. Effekt og samfunnsbidrag

Berekraft og verdiskaping: Kortreist produksjon, lokale leverandørar, gjenbruk og grøn transportpraksis styrker Geiranger som **grøn kulturdestinasjon**.

Regional forankring: Aktivitet i Stranda, Fjord, Sykkylven og Ålesund; tett samarbeid med **SGV, Hotel Union, Havila, Westerås, Operaen i Kristiansund** m.fl.

Inkludering: **Barnas Festspel**, gehørspel, klavermeisterklasse; **7 institusjonskonsertar** i samarbeid med frivilligsentralane i Stranda og Fjord.

Kompetanse og innovasjon: **KI-fagseminar** som praktisk kompetanseløft på tvers av kultur og reiseliv.

Samarbeid med kulturaktører

Operaen i Kristiansund (strykarar/konsertar), **SGV** (fagseminar/heilårsprosjekt), **NMF** (rekruttering til gehørspel), **Stranda Mållag** (Nynorsk salmebok 100 år), **frivilligsentralane** (institusjonskonsertar). Fagkontakt/erfaringsdeling med **Molde Jazz**, **Tonehimmel**, **Fjord Cadenza**, **Høstscena**, **Festspillene i Kristiansund**.

4. Økonomi

Finansiering: Møre og Romsdal fylkeskommune **105 000**, Stranda kommune **60 000**, Kulturrådet **150 000**, billett/sponsor/partnarar og eigeninnsats.

Bruk av midlar: Kunstnarisk aktivitet, fagseminar, heilårsprogram; proffe honorar og inkluderande formidling.

Kontroll: Rekneskap ført etter krav og signert av uavhengig; overskot avsett til eigenkapital.

Vurdering: Mål om ryddig og berekraftig økonomi er oppfylt.

5. Synleggjering av fylkeskommunal støtte

Logo og kreditering på **festspel.no**, program og materiell; omtale i **pressemeldingar**, **nyheitsbrev** og **SoMe**; synleg profilering under fagseminar; omtale i **årsmelding/rekneskap**; takk frå scena.

Vurdering: Kravet er oppfylt.

6. Vedlegg og dokumentasjon

- Signert rekneskap 2025
- Budsjett 2025
- Gjennomført program 2025
- Presseklipp/medieoversikt
- Dokumentasjon på synleggjering
- Bildeutval

- Ev. årsmelding 2025

Oppsummering

Festspela 2025 er gjennomført etter plan, med **høg måloppnåing** innan program, samarbeid, berekraft og profesjonell gjennomføring. Driftstilskotet frå Møre og Romsdal fylkeskommune har gjort det mogleg å levere kunstopplevingar av kvalitet, skape regional verdiskaping og vidareutvikle Geiranger som **kulturelt knutepunkt**.

Berekraftsvurderingar (kort)

Arbeidet er forankra i **FN-måla 3, 4, 9, 10, 11, 13 og 17**: helsefremjande kulturtilbod, talentutvikling og kompetansebygging, innovasjon og infrastruktur, inkludering og tilgang, robuste lokalsamfunn, klimagrep i drift/transport/innkjøp og aktivt, tverrsektorielt samarbeid. Desse prinsippa ligg til grunn for program, arenabruk og dagleg drift.

----- LANG UTGÅVE -----

Årets festspel fann stad i perioden 25.–28. september, og samla artistar, fagfolk, publikum og frivillige til eit rikt og mangfaldig program – i spenningsfeltet mellom kunst, natur og samfunn.

Festspela i Geiranger vart første gong arrangert i 2021, og har sidan etablert seg som ein heilårsarena for kunstnariske opplevingar i eit av landets mest ikoniske kulturlandskap. Festivalen koplar høg kunstnarisk kvalitet med lokale ressursar og berekraftige ambisjonar, og bidreg til å utvikle Geiranger som eit kulturelt og kreativt knutepunkt i verdsarvområdet.

I 2025 baud vi på eit omfattande program over fire dagar, med konsertar, parade, barnearrangement, institusjonskonsertar og møteplassar for inspirasjon og samarbeid. Mellom høgdepunkta var opningskonserten med Moddi og strykarar frå Operaen i Kristiansund, festspelpub med Tricia Boutté og Gumbo, storslått laurdagskonsert med Sigrid Moldestad og band, og eit rikt program for born og familiar i sentrum av Geiranger.

Årets fagseminar vart arrangert i samarbeid mellom Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv og Festspela i Geiranger, og tok form som eit kurs i bruk av kunstig intelligens (KI) for kultur- og opplevingsnæringa. Kursleiar var Ole Jørn Myklebust, og deltakarane kom frå lokalt nærings- og kulturliv.

Festivalen vart realisert med hjelp frå 57 frivillige, solid lokal forankring og breitt samarbeid mellom kulturaktørar, næringsliv og offentleg sektor.

Rapporten som følgjer dokumenterer gjennomføringa av Festspela i Geiranger 2025, og vurderer måloppnåing i høve til søknaden. Vi gjer også greie for publikumsoppslutnad, samarbeid, synleggjering av fylkeskommunal støtte og økonomisk forvaltning av tilskotet.

Måloppnåing

Mål 1: Gjennomføre årleg festival over fire dagar, med minst 12 opne arrangement på minst sju arenaer

Resultat 2025:

Festspela vart gjennomført 25.–28. september over fire dagar, med totalt 13 opne arrangement, inkludert konsertar, seminar, barneprogram, parade, marknad og festspelgudsteneste. Arrangementa fann stad på 8 ulike arenaer i Geiranger og omegn: Geiranger kyrkje, Havila Hotel, Hotel Union, Norsk Fjordsenter, Geirangersalen, sentrum/gågata, Olebuda og Westerås gard.

Mål 2: Gjennomføre minst tre årlege talentutviklingstiltak for minst 10 unge talent frå Møre og Romsdal

Resultat 2025:

Det vart gjennomført to tiltak for unge musikarar:

- Gehørspelseminar med New Orleans-bandet Gumbo, fredag 26. september på Geiranger skule, med åtte deltakarar frå fleire kommunar. Seminaret vart avslutta med deltaking i jazzparaden laurdag.
- Meisterklasse i klaver med Trygve Brøske som mentor. Deltakinga var låg (ein deltakar), men presentasjonen under mottakinga for støttespelarar og frivillige vart svært godt motteken.

Alle tiltaka vart breitt kunngjort, og vi samarbeidde med Norges Musikkorps Forbund og Stranda Kulturskule om utsending av informasjon. Uheldige kollisjonar med andre arrangement påverka deltakinga. Til kommande år ønskjer vi å etablere tettare samarbeid med etablerte opplæringsarenaer, som ungdomsorkesteret Indre Strøk, for å styrke rekrutteringa.

Vurdering:

Målet er delvis oppfylt – med to gjennomførte tiltak og ni deltakarar totalt. Aktiviteten hadde god fagleg kvalitet, men noko lågare deltaking enn planlagt.

Mål 3: Gjennomføre eit årleg fagseminar med tema knytta til kulturturisme, med regionale deltakarar

Resultat 2025:

Årets fagseminar vart gjennomført torsdag 25. september i samarbeid mellom Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv og Festspela i Geiranger. Temaet var bruk av kunstig intelligens (KI) i opplevingsnæringa, og seminaret hadde form som eit praktisk kurs leia av Ole Jørn Myklebust.

Deltakarane kom frå lokalt næringsliv, reiseliv og kulturliv, og seminaret fekk gode tilbakemeldingar for relevans og praktisk tilnærming.

Vurdering:

Målet er oppfylt. Seminaret bidrog til kompetanseheving og samskaping mellom kultur- og reiselivsnæringa, i tråd med fylkeskommunen sine mål for kulturturisme og berekraft.

Mål 4: Presentere minst 20 profesjonelle kunstnarar på høgt nivå kvart år

Resultat 2025:

Festspela 2025 presenterte 24 profesjonelle utøvarar frå både Noreg og utlandet.

Ytterlegare 12 i tilknytte heilårsarrangement, $\frac{2}{3}$ av desse profesjonelle med bustad i fylket.

Vurdering:

Målet er klart oppfylt. Festivalen hadde eit breitt program med profesjonelle utøvarar frå ulike sjangrar og geografiske område, og kombinerte nasjonale profilnamn med sterke regionale aktørar.

Mål 5: Gje amatørar og unge talent minst tre arenaer for samspel med profesjonelle utøvarar kvart år

Resultat 2025:

Det vart lagt til rette for samspel mellom profesjonelle og ikkje-profesjonelle utøvarar på fleire arenaer:

- Gehørspelseminaret med Gumbo resulterte i felles deltaking i jazzparaden, der unge musikarar spelte saman med profesjonelle.
- Under markeringa av Nynorsk salmebok 100 år medverka Skodje kyrkjekor, eit amatørkor leia av profesjonell dirigent og akkompagnatør.
- I festivalgata deltok lokale amatørkorps.

Mål 6: Involvere lokale næringslivsaktørar i minst fem samarbeidsbaserte formidlingstiltak kvart år

Resultat 2025:

Lokalt næringsliv var aktivt involvert i fleire delar av festivalen:

- **Hotel Union Geiranger** og **Havila Hotel Geiranger** var sentrale samarbeidspartnarar og arenaer for konsertar og pubkveldar.
- **Westerås gard** var arena for avslutningskonserten med Sigrid Moldestad.

- **Olebuda, Geiranger Sjokolade, Geiranger bryggeri** og andre lokale verksemdar deltok i **festivalgata** med sal, aktivitetar og servering.
- **Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv** samarbeidde om fagseminaret og konsertar tidlegare i år.
- Lokale overnattings- og transportaktørar bidrog med logistikk, mattenester og billettsal.

Vurdering:

Målet er **oppfylt**. Festspela hadde brei deltaking frå lokalt næringsliv, både som samarbeidspartnarar, leverandørar og arenaeigarar. Samhandlinga mellom kultur, reiseliv og lokalt næringsliv styrkjer festivalen si rolle som motor for berekraftig samfunnsutvikling i regionen.

Mål 7: Oppnå eit publikumstal på rundt 2200 besøkande i 2025, med ei jamn årleg auke

Resultat 2025:

Samla publikumsoppslutning under Festspela 2025 vart om lag **2400, og med fullsett hus på eit fleirtal av arrangementa. Under festivalgate, haustmarknad og Barnas Festspel var det eit yrande folkeliv og stor trivsel.**

Vurdering:

Målet er **oppfylt**. Festivalen hadde svært god oppslutning og fleire konsertar med fullsett sal enn nokon gong.

Mål 8: Honorere profesjonelle musikarar ut frå gjeldande satsar (minimum honorar etter CREO-sats)

Resultat 2025:

Alle profesjonelle utøvarar ved Festspela i Geiranger 2025 vart honorert etter gjeldande bransjestandard, med utgangspunkt i **CREO sine minstesatsar**.

Det vart nytta både faste honorar og prosjektbaserte avtalar, avhengig av ensemble og konsertformat. Ved institusjonskonsertar var honorara tilpassa kortare formidlingslengde, men framleis i samsvar med profesjonelle vilkår.

Vurdering:

Målet er **oppfylt**. Festivalen legg stor vekt på ryddige arbeidsvilkår og rettferdig honorering for profesjonelle kunstnarar, og har gjennomført alle avtalar i tråd med gjeldande standardar.

Mål 9: Ha ein ryddig og sunn økonomi, og bygge eigenkapital for å sikre økonomisk berekraft

Resultat 2025:

Drifta i 2025 vart gjennomført med **balansert budsjett** og ryddig økonomiforvaltning. Rekneskapen viser moderat overskot, som vert sett av til eigenkapital i tråd med målsetjinga om

økonomisk berekraft.

Festivalen har hatt god kontroll på kostnader og inntekter, med offentlig støtte frå Møre og Romsdal fylkeskommune, Stranda kommune og Kulturrådet, i tillegg til egne billettinntekter, sponsorbidrag og partnerskap med lokalt næringsliv.

Vurdering:

Målet er **oppfylt**. Økonomien er stabil, og egenkapitalen aukar gradvis. Festivalen har god budsjettkontroll og er mindre sårbar for inntektsvariasjonar enn i tidlegare år.

10) Synleggjere festivalen gjennom målretta og aktiv innsats

Synleggjeringa av Festspela har vore ein prioritet. Vi har vidareført samarbeid med kompetente lokale og regionale tenesteleverandørar innan design (Merok Design i Geiranger), foto/film (Hyke Studio i Norddal) og marknadsføring (Sorentio i Ålesund). Saman har vi vidareutvikla ein heilskapleg visuell profil, heimesida vår (<https://www.festspel.no/>) og nyheitsbrev, samt utvikla ein marknadsplan som omfatta ein heilskapleg kampanje for sosiale medier, og fokus på kontoane våre på Facebook og Instagram. Saman med Hyke Studio laga vi ein dokumentasjonsplan for foto/film som la til rette for operativt promoarbeid før, under og etter festival. Med basis i dei tre planane, jobba Festspela sine styremedlem og frivillige med innhaldsproduksjon i Festspela sine kanalar i samspel med dei tre partnerane. Vi etterstreba jamn aktivitet som samspelte med øvrig marknadsføring i form av plakatar, flygeblad og annonsar i ulike trykte og digitale media i månadane før festivalperioden, samt pressedekning. I tillegg har partnerar i lokalt og regionalt kultur- og næringsliv bidratt til å synleggjere oss på sine nettsider, i nyheitsbrev, kampanjar og i SoMe.

Vi har vore bevisst på å synleggjere støtta frå Møre og Romsdal fylkeskommune i all marknadsføring, og i pressemeldingar, medieintervju samt i konsertsamanheng. I tillegg har samarbeidspartnarar i lokalt og regionalt kultur- og næringsliv bidratt til å synleggjere oss på sine nettsider, i nyheitsbrev, kampanjar og i sosiale medier.

Mål 11: Samarbeide med relevante aktørar om minst fem klimatiltak for Festspela kvart år

Resultat 2025:

Berekraft og miljø var integrert i fleire delar av festivalplanlegginga og gjennomføringa: Bruk av lokale leverandørar for mat, overnatting og transport reduserte reisebehov og utslepp. Publikum og artistar vart oppmoda til samkøyring og lengre opphald for å redusere transportbelastning. Gjenbruk av festivalmateriell som bannarar, skilt og t-skjorter frå tidlegare år. Samarbeid med Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv om formidling av berekraft i fagseminaret. Fokus på minimalt bruk av eingongsartiklar og avfallssortering på festivalarenaene.

Vurdering: Målet er oppfylt. Festspela har vidareført arbeidet med miljø og sosial berekraft i praksis og haldning, og gjennomført fleire tiltak i tråd med FNs berekraftsmål og fylkeskommunen sine mål for grønne kulturarrangement.

Mål 12: Rekruttere minst 25 personar til frivillig dugnadsinnsats kvart år

Resultat 2025:

Totalt **57 frivillige** deltok i gjennomføringa av Festspela 2025 – ein markant auke frå tidlegare år. Dei frivillige hadde oppgåver innan vertskap, billettkontroll, logistikk, transport, servering, rigg, informasjon og gjennomføring av Barnas Festspel.

Festivalen arrangerte også ei eiga **mottaking for frivillige og støttespelarar**, som eit symbol på takk og fellesskap i forkant av første konsert.

Vurdering:

Målet er **klart oppfylt**. Frivilligheita er ein berebjelke i festivalen, og innsatsen i 2025 vitnar om sterk lokal forankring, eigarskap og entusiasme.

Mål 13: Oppnå minst 15 medieoppslag i lokal, regional og nasjonal presse kvart år

Resultat 2025:

Festspela i Geiranger fekk god synlegheit i lokale og regionale medium også i 2025. Det vart registrert **redaksjonelle omtalar** i forkant, under og etter festivalen i lokal og regional presse, inkludert NRK radio. I tillegg vart fleire av arrangementa omtalte på **sosiale medium** av samarbeidspartnarar og publikum, noko som bidrog til brei digital spreing og merksemd rundt festivalen.

Vurdering:

Målet er **oppfylt**. Den redaksjonelle dekninga var god, omlag på måltalet. Aktiv deling i digitale kanalar og samarbeid med lokale medium har likevel gitt sterk total synlegheit og positiv medieprofil.

Mål 14: Oppnå høg grad av tilfredsheit frå utøvarar og partnerar på gjennomført festival og samarbeid

Resultat 2025:

Tilbakemeldingane frå artistar, samarbeidspartnarar og frivillige var gjennomgåande svært gode.

Utøvarane framheva **profesjonell gjennomføring, gode arbeidsforhold, tett oppfølging og unike omgjevnader**. Både artistar og samarbeidspartnarar uttrykte glede over den varme mottakinga, den lokale forankringa og kombinasjonen av kunst og natur som kjenneteiknar Festspela.

Samarbeidspartnarar som **Hotel Union, Havila Hotel, Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv** og lokale næringsaktørar melde om positiv oppleving og ønskje om vidare samarbeid.

Vurdering:

Målet er **oppfylt**. Høg grad av tilfredsheit blant deltakarar og samarbeidspartnarar vitnar om at festivalen har etablert ein solid organisasjonskultur og eit godt rykte som samarbeidspartnar og vertskap.

Mål 15: Gjennomføre 8 arrangement i året utanfor festivalperioden

Resultat 2025:

Det vart gjennomført **fem heilårsarrangement** utanom sjølve festspelperioden:

1. **Operapub på Hotel Union (15. februar)** – med Kristina F. Bjørdal, Hallvar Djupvik og Stephanie Lippert
2. **Lysvesper i Geiranger kyrkje (23. februar)** – med lokale songarar og profesjonelle musikarar
3. **Konsert med Helene Bøksle (26. april)** – Hotel Union
4. **Kunstutstillingsopning med musikk (30. mai)**
Utstillande kunstnarar: Ørnulf Opdahl og H.M. Dronning Sonja
Musikarar: Celien de Pelecijn, Rune Eide, Audun Skorgen, Gunnar I. Eide
5. **Konsert på Hellesylt (22. juni)** – med Britt Pernille Frøholm og Gunnar Inge Eide – 53 personar (fullsett).

Vurdering:

Målet er **delvis oppfylt**. Fem heilårsarrangement vart gjennomført med god publikumstilslutnad og breitt geografisk nedslagsfelt. Aktiviteten bidrog til å halde oppe interessa for Festspela gjennom året og styrkte samarbeidet med regionale arenaer.

3. Effekt og samfunnsbidrag

Berekraft og verdiskaping

Festspela i Geiranger byggjer heile verksemda si på prinsippa i FNs berekraftsmål, med særleg vekt på sosial og kulturell berekraft. I 2025 vart det gjennomført ei rekkje tiltak for å redusere miljøavtrykk, styrke lokalsamfunnet og sikre kunstnarleg kvalitet i alle ledd.

Festivalen prioriterte **kortreiste tenester, lokale leverandørar og gjenbruk av materiell**, og oppmoda både artistar og publikum til klimavenlege transportløysingar. Slik bidreg arrangementet til å utvikle Geiranger som ein **grøn kulturdestinasjon**.

Regional forankring og samarbeid

Festspela har i 2025 hatt aktivitet i fleire kommunar: Stranda, Fjord, Sykkylven og Ålesund. Samarbeidet med **Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv** har vore sentralt både for fagleg utvikling og gjennomføring av arrangement.

Festivalen samarbeidde òg med lokale verksemder, **Hotel Union, Havila Hotel, Westerås gard og Olebuda**, i tillegg til offentlege og regionale kulturaktørar som **Operaen i Kristiansund, Møre og Romsdal fylkeskommune og Stranda kommune**.

Slik verkar Festspela som ein **kulturell og økonomisk møteplass**, som skaper aktivitet og omsetning på tvers av sektorar.

Inkludering – barn, unge og eldre

Barn og unge fekk i 2025 eit tydeleg fokus gjennom **Barnas Festspel, gehørspelseminar og meisterklasse i klaver**. Desse tiltaka gir både læring, meistring og tilgang til profesjonelle miljø. Festivalen vidareførte òg samarbeidet med **frivilligsentralane i Stranda og Fjord**, med **institusjonskonsertar på sju ulike omsorgssenter**. Desse konsertane er høgt verdsette tiltak som gir opplevingar til eldre som ikkje har høve til å delta på dei opne arrangementa.

Samarbeid med kulturaktørar

Samarbeid på tvers av kunstfelt og institusjonar er ein berebjelke i Festspela i Geiranger. I 2025 vart det vidareutvikla fleire etablerte samarbeid og inngått nye relasjonar.

- **Operaen i Kristiansund** deltok som kunstnarleg samarbeidspartnar, med strykarar som medverkande både på opningskonserten med Moddi og i operapuben med Isa Katharina Gericke og Gunnar Flagstad.
- **Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv** var ein sentral samarbeidspartnar i fagseminaret om bruk av kunstig intelligens (KI) i opplevingsnæringa, og i konsertar og heilårsprosjekt.
- **Norges Musikkorps Forbund** bidrog til rekruttering av unge deltakarar til gehørspelseminaret.
- **Stranda Mållag** samarbeidde om markeringa *Nynorsk salmebok 100 år* i Geiranger kyrkje.
- **Frivilligsentralane i Stranda og Fjord** samarbeidde om institusjonskonsertar på sju omsorgsstader.
- I tillegg har Festspela hatt fagleg kontakt og erfaringsoverføring med andre festivalar i regionen, mellom anna **Molde Jazz, Tonehimmel, Fjord Cadenza, Høstscena** og **Festspillene i Kristiansund**, og delt ressursar knytt til produksjon og programmering.

Desse samarbeida styrkjer både det kunstnarlege og det organisatoriske fundamentet for festivalen, og bidreg til kompetansedeling, felles verdiskaping og sterkare kulturell infrastruktur i Møre og Romsdal.

Kompetanseheving og innovasjon

Årets **fagseminar om bruk av kunstig intelligens (KI)** i opplevingsnæringa representerte eit nytt steg i festivalen si rolle som kunnskapsaktør. Seminaret knytte saman fagfolk frå kultur og reiseliv, og styrkte dialogen mellom næringar som saman formar framtidas kulturopplevingar.

Festspela fungerer slik som ein **kompetansearena** der kulturaktørar, næringsliv og frivillige utviklar kunnskap i fellesskap.

4. Økonomi

Driftsrammer og finansiering

Festspela i Geiranger hadde i 2025 eit budsjett og rekneskap som viser **balansert drift**. Festivalen mottok støtte frå fleire offentlege og private kjelder:

- **Møre og Romsdal fylkeskommune** – kr 105 000 (driftstilskot)
- **Stranda kommune** – kr 60 000
- **Kulturrådet** – kr 150 000
- **Eigeninntekter** frå billettsal, sponsorbidrag og lokale samarbeidspartnarar
- **Eigne midlar og frivillig innsats** som del av den samla finansieringa

Bruk av midlar

Tilskotet frå fylkeskommunen vart nytta til å støtte den kunstnariske verksemda og arrangement med regional og samfunnsretta verdi – særleg konsertar, fagseminar og heilårsaktivitet.

Midlane bidrog til å sikre profesjonelle honorar, lokal verdiskaping og inkluderande formidlingstilbod.

Rekneskap og kontroll

Rekneskapen er ført i tråd med krav frå fylkeskommunen og signert av person utan tilknytning til den daglege føringa.

Økonomien er **stabil og oversiktleg**, og eventuelt overskot er sett av til eigenkapital for framtidig drift og utvikling.

Vurdering

Målet om ein ryddig og berekraftig økonomi er oppfylt. Festivalen har bygd opp ein solid struktur for budsjettstyring, og har gjennom 2025 vist evne til å balansere kunstnarleg ambisjon med økonomisk ansvar.

5. Synleggjering av støtta frå Møre og Romsdal fylkeskommune

Støtta frå **Møre og Romsdal fylkeskommune** vart tydeleg synleggjort i all kommunikasjon og profilering av Festspela i Geiranger 2025.

Gjennomførte tiltak for synleggjering

- Fylkeskommunen sin **logo** var plassert på **heimesida festspel.no**, på den digitale programoversikta og i trykt materiell.
- Tilskotet vart omtalt i festivalens **pressemeldingar, nyheitsbrev og sosiale medium**.
- Under fagseminaret – arrangert i samarbeid med fylkeskommunen – vart støtta framheva både munnleg og visuelt.
- Fylkeskommunen var nemnd i **årsmelding, rekneskap og rapportering**, i tråd med retningslinjene.
- I samband med opningsarrangementet vart fylkeskommunen takka frå scena som ein viktig samarbeidspartnar for kulturutvikling i fylket.

Vurdering

Kravet om synleggjering er **oppfylt**. Fylkeskommunen vart profilert på ein tydeleg, respektfull og profesjonell måte, i tråd med tilskotsvilkåra.

6. Vedlegg og dokumentasjon

Rapporten frå Festspela i Geiranger 2025 byggjer på dokumentasjon frå gjennomført aktivitet, økonomiforvaltning og evaluering. Følgjande vedlegg blir sendt inn saman med rapporten:

Vedlegg

1. Signert og kontrollert rekneskap for 2025
2. Budsjett 2025 (frå søknad)
3. Program 2025 (gjennomført versjon)
4. Oversikt over medieomtale og presseklipp

5. Dokumentasjon på synleggjering av fylkeskommunal støtte
 6. Bildeutval frå festivalen
 7. Eventuell årsrapport/årsmelding for 2025
-

Oppsummering

Festspela i Geiranger 2025 vart gjennomført etter plan, med breitt program, solid lokal forankring og god publikumstilslutnad.

Festivalen har levert på hovudmåla i søknaden til Møre og Romsdal fylkeskommune, med særleg styrke i samarbeid, berekraft og profesjonell gjennomføring.

Med driftstilskotet frå fylkeskommunen har vi kunna tilby kunstopplevingar av høg kvalitet, bidra til regional verdiskaping og halde fram arbeidet med å utvikle Geiranger som kulturelt knutepunkt i verdsarvområdet.

Berekraftsvurderingar

Berekraft ligg til grunn for Festspela i Geiranger. Å bidra inn i ei berekraftig samfunnsutvikling lokalt og regionalt var kima til den første tanken om ein ny festival i skuldersesongen i Geiranger. Berekraft står sentralt i Festspela sine vedtekter, og ligg til grunn for vår strategi og vala vi tek i dagleg drift. I tråd med Fylkesstrategi for kultur, frivillig sektor og arenaer i Møre og Romsdal, legg vi spesielt følgjande av FN sine berekraftsmål til grunn for arbeidet med Festspela i Geiranger:

Nr 3 God helse og livskvalitet: Vi har tru på at deltaking i store kunst- og kulturopplevingar gir samhald, fellesskap og meistring. Det påverkar vår fysiske og mentale helse, og bidreg til god livskvalitet. I Festspela sitt program har vi opne arrangement for alle aldersgrupper, og vi hadde publikum i aldersspenn frå spedbarn og til godt over åtti år. Samarbeidet med Stranda og Fjord kommuner om konsertar for bebuarar på institusjonar for eldre er eit konkret eksempel på korleis vi tar eit samfunnsansvar for innbyggjarar som ikkje har høve til å delta på våre opne arrangement. På konsertane presenterte vi profesjonelle utøvarar frå festivalprogrammet.. Samarbeidet er organisert i ei prosjektgruppe med Festspela og frivilligsentralane i dei to kommunene, og knytta opp mot fylkeskommunens satsing på Den Kulturelle Spaserstokken. Ved å leggje konsertar på fjell og fjord, og formidle lokal mat som del av konsept, innlemmar vi óg felles unike natur- og matopplevingar til publikum, som i seg sjølve bidreg til auka livskvalitet og mental helse. Ei rekke amatørar, born og unge talent fikk spele saman med profesjonelle for eit publikum. Dette bidrog til meistring og glede.

Nr 4 God utdanning: Vi er opptekne av å inspirere og utdanne unge musikk talent, og har etablert meisterklassekonseptet vårt og eit nytt gehørkurs innan jazz som viktige lærestadar for born og unge frå regionen. Talenta får også formidlingstrening i våre opne kunst- og kulturarrangement - gode arenaer for danning, trening i å samspele med andre, og deltaking i noko større enn seg sjølv. I tråd med fylkeskommunen sin kulturpolitikk vil vi bidra til slik allmenn meiningsdanning og verdidanning. Vi er óg opptekne av å utvikle kreativ kompetanse blant aktørar i tilstøytande næringar, og å utdanne framtida sine konsertarrangørar i regionen gjennom tette samarbeid og inkludering av frivilligressursar i gjennomføringa av festivalen.

Nr. 9 Industri, innovasjon og infrastruktur: Etableringa av Festspela har medført nyskapande konsept og kreative aktivitetar på tvers av næringar, som bidreg til å byggje kulturell infrastruktur i bygdene i indre fjordstrøk og regionen som heile. Samspelet mellom regionale aktørar innan kulturell og kreativ næring og lokalt næringsliv har som mål å bidra til nytenkning og auka verdiskaping i fleire sektorar.

Nr. 10 Mindre ulikskap: Festspela vil bidra til å redusere ulikskap og fremje mangfald og toleranse ved å ha arrangement som er opne for alle samt gjennom prissetjing og eksterne samarbeid. Vi tilbyr gratiskonsertar i festivalgata, gratis kunstnarsamtale og gratis barnefestival og konsertar med unge talent. Vi prisar også billetter til våre konsertar relativt lågt sammenligna med store delar av festivalfeltet for å inkludere og jamne ut sosial og økonomisk ulikskap. Vi har eit særleg fokus på å inkludere born og unge i meisterklasser og familiekonsertar, og profesjonelle utøvarar som opptredte på konsertar med billettsal heldt óg konsertar i festivalveka for eldre på institusjonar i samarbeid med Fjord og Stranda kommuner. Slike synergjar og samarbeid bidrar til likeverdig tilgang til og deltaking i kulturlivet, og er viktige mål for arbeidet vårt. Moglegheita til å bidra som frivillig under festivalen og slik få tilgang til konsertar uten å kjøpe billett er óg eit utjamnande tiltak, og bidreg til å byggje fellesskap og fremje mangfald. Vi har óg fokus på mange å presentere kunstnarar som representerer ulike kulturelle bakgrunner (m.a. utøvarar med bakgrunn frå Polen, Sápmi, Sverige, Storbritannia, Russland, Belgia, Kroatia og Australia), då vi med brei representasjon på scena ønskjer å spegle eit mangfaldig publikum og samfunn. Vi har sidan 2023 vore sertifisert med Tilgjengelighetsmerket (NKA), noko vi er særleg nøgde med som verktøy for arbeidet vårt.

Nr. 11 Berekraftige byar og lokalsamfunn: Festspela ynskjer å bidra inn i omstillingsprosjektet i Geiranger, og gjere bygda og verdsarvområdet meir robust. Vi fyller stadsidentiteten med eit nytt og utvida innhald, og skaper fleire arenaer for fellesskap og tryggleik. Gjennom å skape aktivitet i skuldersesongen er vi delaktig i utviding av sesong og arbeidsplassar og eit meir berekraftig lokalsamfunn. Erfaringa frå 2021-2024 er at publikummet til Festspela gjer det mogleg for lokalt næringsliv å utvide sesongen, halde på sesongtilsette lenger og med det auke økonomisk og sosial berekraft. Dette fordi vårt tilreisande publikum i stor grad nyttar tenester og produkt frå lokalt næringsliv.

Nr. 17 Samarbeid for å nå måla: Kompetansedeling og samarbeid på tvers av sektorar ligg til grunn for Festspela, og festivalen involverar aktørar i offentleg, privat og frivillig sektor på ei rekke område. Styret i Festspela speglar denne haldninga, og lista over samarbeidspartnarar synleggjer korleis vi har jobba målretta med å involvere flest mogleg aktørar i å realisere

prosjektet vårt. Lista spanner frå ein statsstøtta, regional kulturinstitusjon til lokale hotell og restaurantar, frå ein regional verdsarvorganisasjon til lokale kunsthåndverkar, designarar og film/foto-foretak som vi involverer i våre mål. Samstundes vil vi bidra til å utvikle alle desse aktørane kompetanse- og verdiskapingsmessig